



Møteprotokoll

Utval: teknisk utval
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 07.05.2026
Tid: kl. 09.00 - 13.40

Desse møtte

Alf Johan Antonsen
Berit Overvåg Hjorth
Hans Petter Th. Ulstein
Per Karsten Ødegård
Berit Roppen

Representerer

Frp
H
H
INP
Sp

Funksjon

leiar
medlem
nestleiar
medlem
medlem

Forfall

Marianne Breivik
Bjørn Gunnar Tafjord

Representerer

Ap
KrF

Varamedlem

Kersti Hasund
Arnfinn Hanstad

Representerer

SV
KrF

Andre møtte

Arne Runar Vik
Anita Sundnes
Arild Støylen
Trine Sæter
Ottar Håkonsholm

adm.
adm.
adm.
adm.
adm.

kommunalsjef teknisk
leiar plan- og bygningsavdelinga
fagansvarleg byggesak/miljøvern
ingeniør byggesak
eigedomsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 40/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1278
PS 41/26	Godkjenning av protokoll	26/1278
PS 42/26	Orienteringar	26/1278
PS 43/26	Delegerte saker	26/1278
PS 44/26	Dispensasjon for badstove - Vikholmen - gnr. 7, bnr. 245	26/1197
PS 45/26	Flytebrygge, båtopptrekk, steintrapp, steinfylling, mellombels anleggsveg - ny handsaming - Hasundvegen 41 - gnr. 23, bnr. 8	25/2668
PS 46/26	Brøyting 2026 - 2030	26/1253
PS 47/26	Gangfelt fylkesveg 61 - Strandvegen og fylkesveg 5882 - Fløvegen/Vollane	23/2160
PS 48/26	Prioritering av kryssløysing på fylkesveg 61, tilkomst til Saunesmarka	26/554
PS 49/26	Utbyggingsavtale for Tueneset byggefelt	24/1484
PS 50/26	Årsrekneskap og årsrapport 2025 Ulstein kommune	26/1198
RS 12/26	Badstu på Vikholmen	26/1259

Ulsteinvik, 12.05.2026

Alf Johan Antonsen
utvalsleiar

PS 40/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

Behandling:

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 41/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 42/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
04/26	Framtidig lokalisering av driftsavdeling eigedom
05/26	Orientering - Mindre endring av reguleringsplan for barnehage i Gjerdsbakkane
06/26	Status i arbeidet med trafikktrygging ved skulesamanslåing

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitende.

Behandling:

Eigedomsleiar Ottar Håkonsholm og kommunalsjef Arne Runar Vik orienterte om framtidig lokalisering av driftsavdeling eigedom.

Eigedomsleiar Ottar Håkonsholm og kommunalsjef Arne Runar Vik orienterte om mindre endring av reguleringsplan for barnehage i Gjerdsbakkane.

Kommunalsjef Arne Runar Vik orienterer om status i arbeidet med trafikktrygging ved skulesamanslåing.

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende.

PS 43/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
93/26	Ferdigattest - bruksendring og garasje - Varleitevegen 71 - gnr 9 bnr 389
94/26	Ferdigattest - Garasje - Dimnasund 3 - gnr 28 bnr 8
96/26	Ferdigattest - Garasje - Årskogsteinen 13 - gnr 9 bnr 147
103/26	Ferdigattest - Tilbygg - Selvågvegen 300 - gnr 19 bnr 36
111/26	Ferdigattest - Tilbygg på eksisterande veranda - Dyrda 19 - gnr 25 bnr 23
110/26	Igangsettingsløyve - Hovudombygging bustad - Vikegjærde 10 - gnr. 8, bnr. 291
104/26	Løyve om oppbevaring og handel med fyrverkeri - Coop Obs bygg Ulsteinvik
98/26	Løyve til bråtebrenning - gnr 16 bnr 8
95/26	Løyve til motorferdsel på Osbergstien
105/26	Løyve til salutt 17 Mai Ulstein Kommune - 2026
106/26	Løyve til tiltak - Bruksendring og utvendig trapp - Holsekervegen 11 - gnr 9 bnr 63
101/26	Løyve til tiltak - Redskapshus - Nesjavegen 15 - gnr 73 bnr 14
107/26	Løyve til tiltak - Arbeid i brannskille - Eggatua 12 - gnr 29 bnr 163
113/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehøvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 14
114/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehøvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 15
115/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehøvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302, snr. 16
108/26	Mellombels bruksløyve - Tilbygg - Stålhaugen 5 - gnr 25 bnr 42
97/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehøvegen nr 38 - gnr 10 bnr 302 snr 7
99/26	Mellombels bruksløyve - Lager-/industribygning - Storehøvegen nr 38 - gnr 10, bnr 302 snr 8
100/26	Rammeløyve - Kontor og bustadbygg - Sjøgata 46 - gnr. 8, bnr. 561
92/26	Søknad om graveløyve - Gnr 69/bnr 1

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitende.

Behandling:

Delegerte saker vart samrøystes tekne til vitende.

PS 44/26 Dispensasjon for badstove - Vikholmen - gnr. 7, bnr. 245

Vedtak:

Teknisk utval gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 mellombels dispensasjon frå reguleringsformålet "Forsamlingslokale FL" og frå byggeforbodet i strandsona, jf. pbl § 1-8, slik at badstove og trapp til sjø kan etablerast som omsøkt.

Teknisk utval set følgjande vilkår for dispensasjonane:

1. Skriftleg grunnavtale med Ulstein kommune for bruk/leige av gnr. 7, bnr. 245 må ligge føre.
2. Skriftleg avtale med Aktivitetshuset Vikholmen i høve bruk/leige av sanitæranlegg må ligge føre.
3. Badstova skal tilretteleggast for universell utforming og med trinnfri tilkomst.
4. Svaberg skal ikkje skadast som følgje av plassering av fundament eller forankring.
5. Trapp til sjø må ha handlist på begge sider.
6. Uttalen frå kommuneoverlegen vert lagt til grunn og tiltak må støttast.
7. Før badstova vert utplassert, må der ligge føre godkjent byggesøknad etter pbl § 20-3 (tiltak med ansvarsrett) der vilkåra over er dokumentert stetta.
8. Før tiltaket vert teke i bruk, skal der ligge føre ein endeleg godkjenning frå administrasjonen ved plan- og bygningsavdelinga og kommuneoverlegen.

Basert på søknad, omfang og vilkåra som vert sette i dette vedtaket, meiner teknisk utval at dispensasjonane ikkje vesentleg set til side dei omsyna reguleringsplanen eller strandsonevernet er meint å ivareta. Utvalet meiner også at fordelane for søkjar samla sett er større enn eventuelle ulemper for omgjevnadene.

Administrasjonen får mynde til å følgje opp byggesaka vidare som tiltak etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding var samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 mellombels dispensasjon frå reguleringsformålet "Forsamlingslokale FL" og frå byggeforbodet i strandsona, jf. pbl § 1-8, slik at badstove og trapp til sjø kan etablerast som omsøkt.

Teknisk utval set følgjande vilkår for dispensasjonane:

1. Skriftleg grunnavtale med Ulstein kommune for bruk/leige av gnr. 7, bnr. 245 må ligge føre.
2. Skriftleg avtale med Aktivitetshuset Vikholmen i høve bruk/leige av sanitæranlegg må ligge føre.
3. Badstova skal tilretteleggast for universell utforming og med trinnfri tilkomst.
4. Svaberg skal ikkje skadast som følgje av plassering av fundament eller forankring.
5. Trapp til sjø må ha handlist på begge sider.
6. Uttalen frå kommuneoverlegen vert lagt til grunn og tiltak må støttast.
7. Før badstova vert utplassert, må der ligge føre godkjent byggesøknad etter pbl § 20-3 (tiltak med ansvarsrett) der vilkåra over er dokumentert stetta.
8. Før tiltaket vert teke i bruk, skal der ligge føre ein endeleg godkjenning frå administrasjonen ved plan- og bygningsavdelinga og kommuneoverlegen.

Basert på søknad, omfang og vilkåra som vert sette i dette vedtaket, meiner teknisk utval at

dispensasjonane ikkje vesentleg set til side dei omsyna reguleringsplanen eller strandsonevernet er meint å ivareta. Utvalet meiner også at fordelane for søkjar samla sett er større enn eventuelle ulemper for omgjevnadene.

Administrasjonen får mynde til å følgje opp byggesaka vidare som tiltak etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3.

PS 45/26 Flytebrygge, båtopptrekk, steintrapp, steinfylling, mellombels anleggsveg - ny handsaming - Hasundvegen 41 - gnr. 23, bnr. 8

Vedtak:

Teknisk utval viser til synfaring i strandsona på gnr. 23, bnr. 8, 39 i møtet 5. februar 2026. Strandsona nord for eigedommen er nedbygd til næringsføremål. Strandsona nord for industriområdet har omfattande innslag av naust. På naboeigedommen i sør er der godkjent flytebrygge. Basert på dei omfattande inngrepa som over tid har vore gjort i nærliggjande strandsona med tilhøyrande aktivitet, finn teknisk utval at omsøkte tiltak fell naturleg inn i rekka av tiltak i strandsona på denne delen av Hasund og på Strandabøen. Utvalet meiner at omsøkte tiltak såleis ikkje i vesentleg grad vil setje til side omsyna § 1-8 i plan- og bygningslova (pbl) om forbod mot tiltak i strandsona eller byggeforbodet i landbruks- natur- og friluftsområdet (LNF) i kommuneplanen § 8.1.1 er meint å ivareta.

Teknisk utval meiner at fordelane for søkjar ved omsøkte tiltak er større enn ulempene, og finn difor grunnlag for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 slik dei går fram av søknaden for følgjande:

- Steinfylling/murkant/planering
- Trapp i sjøkanten
- Båtopptrekk
- Flytebrygge med landgang og forankring

For flytebrygge vert det gjeve mellombels dispensasjon etter § 19-3 i pbl som gjeld inntil vidare med same grunngjeving som for tiltaka elles. I den grad kommunen gjev dispensasjon for flytebrygger, vert desse vanlegvis gjort mellombels då flytebrygge med forankring og landgang er flyttbare konstruksjonar. Ved eventuell etablering av større fellesanlegg i denne delen av kommunen eller det skulle liggje føre andre relevante årsaker, kan kommunen trekke dispensasjonen attende og krevje flytebrygga fjerna.

Teknisk utval føreset at mellombels opparbeidd anleggsveg vert fjerna og terrenget tilbakeført til opphavsleg tilstand, jf. opplysningar framlagt i søknaden.

Teknisk utval ser alvorleg på at det er utført såpass omfattande tiltak i strandsona og i LNF-område med byggeforbod utan søknad eller løyve. Sidan tiltaka i stor grad er utført utan løyve etter pbl, førevarslar teknisk utval om at det kan verte gjeve overtredingsgebyr til eigar på 65 000 kr, jf. § 32-8 i plan- og bygningslova og forskrift om saksbehandling og kontroll SAK 16-1 c) nr. 2. Utvalet baserer gebyrnivået på at det er utført fleire tiltak som kvar for seg er i strid med strandsonevernet i § 1-8 i pbl og byggeforbodet i LNF-området i arealdelen av kommuneplanen.

Vedtak om overtredingsgebyr kan fattast administrativt i samsvar med førevarslinga.

Søknad om tiltak etter pbl kap. 20 vert handsama administrativt.

Behandling:

Framlegg frå Frp, INP, H og KrF, foreslått av Alf Johan Antonsen, Framstegspartiet

Teknisk utval viser til synfaring i strandsona på gnr. 23, bnr. 8, 39 i møtet 5. februar 2026. Strandsona nord for eigedommen er nedbygd til næringsføremål. Strandsona nord for industriområdet har omfattande innslag av naust. På naboeigedommen i sør er der godkjent flytebrygge. Basert på dei omfattande inngrepa som over tid har vore gjort i nærliggjande strandsona med tilhøyrande aktivitet, finn teknisk utval at omsøkte tiltak fell naturleg inn i rekka av tiltak i strandsona på denne delen av Hasund og på Strandabøen. Utvalet meiner at omsøkte tiltak såleis ikkje i vesentleg grad vil setje til side omsyna § 1-8 i plan- og bygningslova (pbl) om forbod mot tiltak i strandsona eller byggeforbodet i landbruks- natur- og friluftsområdet (LNF) i kommuneplanen § 8.1.1 er meint å ivareta.

Teknisk utval meiner at fordelane for søkjar ved omsøkte tiltak er større enn ulempene, og finn difor grunnlag for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 slik dei går fram av søknaden for følgjande:

- Steinfylling/murkant/planering
- Trapp i sjøkanten
- Båtopptrekk
- Flytebrygge med landgang og forankring

For flytebrygge vert det gjeve mellombels dispensasjon etter § 19-3 i pbl som gjeld inntil vidare med same grunngeving som for tiltaka elles. I den grad kommunen gjev dispensasjon for flytebrygger, vert desse vanlegvis gjort mellombels då flytebrygge med forankring og landgang er flyttbare konstruksjonar. Ved eventuell etablering av større fellesanlegg i denne delen av kommunen eller det skulle liggje føre andre relevante årsaker, kan kommunen trekke dispensasjonen attende og krevje flytebrygga fjerna.

Teknisk utval føreset at mellombels opparbeidd anleggsveg vert fjerna og terrenget tilbakeført til opphavsleg tilstand, jf. opplysningar framlagt i søknaden.

Teknisk utval ser alvorleg på at det er utført såpass omfattande tiltak i strandsona og i LNF-område med byggeforbod utan søknad eller løyve. Sidan tiltaka i stor grad er utført utan løyve etter pbl, førevarslar teknisk utval om at det kan verte gjeve overtredingsgebyr til eigar på 65 000 kr, jf. § 32-8 i plan- og bygningslova og forskrift om saksbehandling og kontroll SAK 16-1 c) nr. 2. Utvalet baserer gebyrnivået på at det er utført fleire tiltak som kvar for seg er i strid med strandsonevernet i § 1-8 i pbl og byggeforbodet i LNF-området i arealdelen av kommuneplanen.

Vedtak om overtredingsgebyr kan fattast administrativt i samsvar med førevarslinga.

Søknad om tiltak etter pbl kap. 20 vert handsama administrativt.

Framlegg, foreslått av Kersti Hasund, Sosialistisk Venstreparti

Teknisk utval finn ikkje grunnlag for å gje dispensasjon for steinfylling/mur, trapp i sjøkanten eller flytebrygge då desse samla sett vil medføre ei uheldig auka belastning på strandsona, gjennom ytterlegare terrenginngrep og privatisering. Tiltaka vil medføre ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak strandsonevernet, jf. plan og bygningslova § 1-8, særleg omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og landskap.

Teknisk utval føreset at administrasjonen følgjer opp avslag om dispensasjon med pålegg om retting av dei utførte tiltaka inkludert tidsfrist, jf. kap. 32 i plan - og bygningslova.

Når det gjeld søknaden om steinlagd båtopptrekk til naust for å få eit jamt og sikkert dekke, finn teknisk utval at dette tiltaket vil vere i samsvar med tradisjonen med stø for sjøsetting og opphaling av båt frå og til naust, jf. at det i søknaden er opplyst om at tiltaket skal gjere det enklare og tryggare å sjøsette og ta opp båt, redusere skadefare og gi betre lagring og vedlikehald gjennom året. Tiltaket gjeld eit område på om lag 3 x 10 meter. Teknisk utval gjev difor dispensasjon for båtopptrekk slik det er søkt om, jf. § 19-2 i plan- og bygningslova.

Røysting:

Framlegget frå Frp, INP, H og KrF vart vedteke med 5 mot 2 røyster (SV og Sp).

Framlegget frå Kersti Hasund (SV) fall med 2 røyster (SV og Sp) mot 5 røyster.

Kommunalsjefen si tilråding fall med 0 mot 7 røyster.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval finn at vilkåra for å kunne gje dispensasjon etter plan og bygningslova § 19-2 ikkje er oppfylt. Dei omsøkte tiltaka steinfylling, trapp i sjøkanten, båtopptrekk og flytebrygge vil samla sett medføre ei uheldig auka belastning på strandsona, gjennom ytterlegare terrenginngrep og privatisering.

Tiltaka vil medføre ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak strandsonevernet, jf. plan og bygningslova § 1-8, særleg omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og landskap. På dette grunnlaget kan dispensasjon ikkje gjevast.

Teknisk utval føreset at administrasjonen følgjer opp avslag om dispensasjon med pålegg om retting av dei utførte tiltaka inkludert tidsfrist, jf. kap. 32 i plan - og bygningslova.

PS 46/26 Brøyting 2026 - 2030

Vedtak:

Teknisk utval ber administrasjonen om å lyse ut brøyteroder på kommunale vegar og kommunale føremålsbygg for perioden 2027 - 2030 med høve til opsjon på nye to år slik dette går fram av saksutgreiinga.

Teknisk utval er merksame på at det vert lagt inn endringar av roder og krav som vil kunne gje auka driftskostander. Dette vert å ta opp i budsjett og økonomiprosessen for perioden 2027 - 2030.

Teknisk utval gjev administrasjonen mandat til å sjå på reduksjon av brøytetenesta knytt til fellesavkjørsler og anna fellesareal. Kommunen skal ikkje stå for brøyting av private vegar eller annan privat grunn.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval ber administrasjonen om å lyse ut brøyteroder på kommunale vegar og kommunale føremålsbygg for perioden 2027 - 2030 med høve til opsjon på nye to år slik dette går fram av saksutgreiinga.

Teknisk utval er merksame på at det vert lagt inn endringar av roder og krav som vil kunne gje auka driftskostander. Dette vert å ta opp i budsjett og økonomiprosessen for perioden 2027 - 2030.

Teknisk utval gjev administrasjonen mandat til å sjå på reduksjon av brøytetenesta knytt til fellesavkjørsler og anna fellesareal. Kommunen skal ikkje stå for brøyting av private vegar eller annan privat grunn.

PS 47/26 Gangfelt fylkesveg 61 - Strandvegen og fylkesveg 5882 - Fløvegen/Vollane

Vedtak:

Teknisk utval viser til at fartsgrensa på Strandvegen, del av fylkesveg 61, er redusert til 50 km/t og ber om at det vert etablert tre nye gangfelt som vist med farge og nummer 1 - 3 på vedlagde kart datert 28.04.2026. Grunnlaget for kravet er at Strandvegen er mellom vegane med størst trafikkbelastning i kommunen, der er relativt stor aktivitet langs begge sider av vegen med bustad og næringsverksemd og betre og sikrare kryssing av fylkesvegen kan auke talet på mjuke trafikantar til og frå området med tilsvarende redusert bruk av bil.

Teknisk utval viser til innspel om behov for gangfelt over Fløvegen på Vollane i samband med utarbeiding av kommunal handlingsplan for trafikktrygging skule hausten 2025, og ber om at gangfelt vert etablert i krysset mellom Fløvegen og vegen Oshaugen, jf. kart datert 28.04.2026 merka med farge og talet 4. Hovudårsaka til behovet er at det ved asylmottaket på Vollane dette siste skuleåret tidvis har vore over 30 barn i grunnskulealder som går til og frå skule. Kryssingspunktet har også arbeidstrafikk til/frå Osneset og er del av det overordna gang- og turvegnettet i denne delen av kommunen, jf. viktige målpunkt som Ulstein Verft as, gravplassen på Osnes, Osnessanden og Vollesanden.

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval viser til at fartsgrensa på Strandvegen, del av fylkesveg 61, er redusert til 50 km/t og ber om at det vert etablert tre nye gangfelt som vist med farge og nummer 1 - 3 på vedlagde kart datert 28.04.2026. Grunnlaget for kravet er at Strandvegen er mellom vegane med størst trafikkbelastning i kommunen, der er relativt stor aktivitet langs begge sider av vegen med bustad og næringsverksemd og betre og sikrare kryssing av fylkesvegen kan auke talet på mjuke trafikantar til og frå området med tilsvarende redusert bruk av bil.

Teknisk utval viser til innspel om behov for gangfelt over Fløvegen på Vollane i samband med utarbeiding av kommunal handlingsplan for trafikktrygging skule hausten 2025, og ber om at gangfelt vert etablert i krysset mellom Fløvegen og vegen Oshaugen, jf. kart datert 28.04.2026 merka med farge og talet 4. Hovudårsaka til behovet er at det ved asylmottaket på Vollane dette siste skuleåret tidvis har vore over 30 barn i grunnskulealder som går til og frå skule. Kryssingspunktet har også arbeidstrafikk til/frå Osneset og er del av det overordna gang- og turvegnettet i denne delen av kommunen, jf. viktige målpunkt som Ulstein Verft as, gravplassen på Osnes, Osnessanden og Vollesanden.

PS 48/26 Prioritering av kryssløysing på fylkesveg 61, tilkomst til Saunesmarka

Vedtak:

Kommunestyret stadfestar endring i kommunal prioritering av kryssutbetringar på fylkesveg 61 frå Hasundkrysset til ny kryssløysing i Saunesmarka, jf. vedtak i trafikktryggingssplanen for 2023 - 2027, og ber fylkeskommunen endre si prioritering mellom desse kryssa tilsvarande i sitt investeringsprogram for fylkesveganlegg.

Kommunestyret ber administrasjonen i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune om å utarbeide avtale om prosess for reguleringsplan for ny kryssløysing i Saunesmarka, prinsipp for forskottering/medfinansering og ein mogeleg framdriftsplan for realisering av nytt kryss.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret stadfestar endring i kommunal prioritering av kryssutbetringar på fylkesveg 61 frå Hasundkrysset til ny kryssløysing i Saunesmarka, jf. vedtak i trafikktryggingssplanen for 2023 - 2027, og ber fylkeskommunen endre si prioritering mellom desse kryssa tilsvarande i sitt investeringsprogram for fylkesveganlegg.

Kommunestyret ber administrasjonen i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune om å utarbeide avtale om prosess for reguleringsplan for ny kryssløysing i Saunesmarka, prinsipp for forskottering/medfinansering og ein mogeleg framdriftsplan for realisering av nytt kryss.

PS 49/26 Utbyggingsavtale for Tueneset byggefelt

Vedtak:

Teknisk utval sluttar seg til framlegg til utbyggingsavtale om Tueneset byggefelt og går inn for at framlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med § 17-6 b. i plan- og bygningslova (pbl).

Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval sluttar seg til framlegg til utbyggingsavtale om Tueneset byggefelt og går inn for at framlegget vert lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med § 17-6 b. i plan- og bygningslova (pbl).

PS 50/26 Årsrekneskap og årsrapport 2025 Ulstein kommune

Vedtak:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2025 slik den ligg føre.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner rekneskapen for 2025 med eit positivt netto driftsresultat på 34 901 147 kroner.
3. Overføring av ubrukte investeringsmidlar frå 2025 til 2026 som vist i tabell under:

Hovudprosjekt	Hovudprosjekt (T)	Art	Art (T)	Sum rebudsjettering 2026
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	348 024
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	02720	Andre tenester	100 000
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	112 006
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	07000	Refusjon frå staten	-50 000
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune			510 030
012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	980 061
012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	245 015
012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje			1 225 076
012101	Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	2 485 460
012101	Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	621 365

012101	Soknet - Etablering av urnefelt på Osnes kyrkjegard			3 106 825
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnnerverv/arkeologi	02720	Andre tenester	150 000
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnnerverv/arkeologi	02800	Grunnnerverv	2 446 481
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnnerverv/arkeologi	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	37 500
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnnerverv/arkeologi	09400	Bruk av ubundne fond	-2 000 000
012102	Soknet - Ny Gravplass - grunnnerverv/arkeologi			633 981
012400	Sentraladm - Oppgradering dagens rådhus	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	151 823
012400	Sentraladm - Oppgradering dagens rådhus	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	37 956
012400	Sentraladm - Oppgradering dagens rådhus			189 779
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	977 232
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage	02800	Grunnnerverv	420 000
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	244 308
012450	Eigedom - Uglasætra barnehage			1 641 540
012452	Eigedom - Omsorgsbustadar Skollebakken 1	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	2 780 856
012452	Eigedom - Omsorgsbustadar Skollebakken 1	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	695 214
012452	Eigedom - Omsorgsbustadar Skollebakken 1			3 476 070
012540	Soknet - Audiovisuelt utstyr	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	462 624
012540	Soknet - Audiovisuelt utstyr	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	115 656
012540	Soknet - Audiovisuelt utstyr			578 280

012552	Eigedom - Uteområde Ulsteinvik barneskule	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	5 367
012552	Eigedom - Uteområde Ulsteinvik barneskule	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	1 342
012552	Eigedom - Uteområde Ulsteinvik barneskule			6 709
012652	Investeringspakke oppgradering eigedom	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	5 304
012652	Investeringspakke oppgradering eigedom	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	1 326
012652	Investeringspakke oppgradering eigedom			6 630
019901	Formidlingslån	05220	Vidareutlån	5 167 765
019901	Formidlingslån	09120	Bruk av lån til vidareutlån	-5 167 765
019901	Formidlingslån			0
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	02850	Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	3 262 383
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	05100	Ekstraordinært avdrag på lån	7 386 632
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	06700	Sal av fast eigedom	-7 386 632
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar	09400	Bruk av ubundne fond	-1 745 569
019950	Eigedom - Kjøp og sal av eigedommar			1 516 814
021601	Utvikling av skuleområde - forprosjekt	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	385 128
021601	Utvikling av skuleområde - forprosjekt	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	96 282
021601	Utvikling av skuleområde - forprosjekt			481 410
022101	Forskottering av tippemidler til ny turnhall	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	-4 092 000
022101	Forskottering av tippemidler til ny turnhall	08300	Overføring frå fylkeskommunar	4 092 000
022101	Forskottering av tippemidler til ny turnhall			0

022205	Forskottering spelemlidlar rehabilitering Ulsmohallen	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	476 880
022205	Forskottering spelemlidlar rehabilitering Ulsmohallen	08300	Overføring frå fylkeskommunar	-476 880
022205	Forskottering spelemlidlar rehabilitering Ulsmohallen			0
022401	Barnehage - Forprosjekt utbygging Almejordet bhg	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	500 000
022401	Barnehage - Forprosjekt utbygging Almejordet bhg	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	125 000
022401	Barnehage - Forprosjekt utbygging Almejordet bhg			625 000
032300	Bilar omsorg - utskifting frå leasing til kjøp	02100	Kjøp av transportmidlar	199 257
032580	Legeteneste - Utviding kontorplass Ulstein legesenter	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	-25 000
050000	VA - Investering vatn	02100	Kjøp av transportmidlar	721 022
050000	VA - Investering vatn	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	4 488 418
050000	VA - Investering vatn	02720	Andre tenester	22 690
050000	VA - Investering vatn			5 232 130
050001	VA - Investering avløp	02100	Kjøp av transportmidlar	673 285
050001	VA - Investering avløp	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	1 570 900
050001	VA - Investering avløp			2 244 185
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	3 334 414
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	833 603
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	05100	Ekstraordinært avdrag på lån	9 577 775

051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging	06700	Sal av fast eigedom	-9 577 775
051701	Utbygging Skeide - tilrettelegging tomteutbygging			4 168 017
051900	Utbygging - Tomteklargjering Saunesmarka	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	330 054
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	803 926
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	02850	Kjøp av eksisterande bygg og anlegg	650 000
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	200 982
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	46 074
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn	07700	Refusjon frå andre (private)	-1 500 000
052000	Hamn - Kjøp og oppgradering av fiskerihamn			200 982
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	416 478
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	104 119
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	05400	Avsetningar til ubundne investeringsfond	41 495
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal	08300	Overføring frå fylkeskommunar	-457 974
052001	Veg - Gangveg/turveg indre Haddal			104 118
052207	Sikring av boss plass på Fløstranda	09400	Bruk av ubundne fond	-408 773
052207	Sikring av boss plass på Fløstranda	04800	Overføring til kommunalt føretak i eigen kommune	408 773
052207	Sikring av boss plass på Fløstranda			0
052208	Veg - Automatisk måling av veglys	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	423 777
052208	Veg - Automatisk måling av veglys	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	105 944

052208	Veg - Automatisk måling av veglys	09400	Bruk av ubundne fond	-100 000
052208	Veg - Automatisk måling av veglys			429 721
052401	Veg - Brøyteutstyr	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	361 000
052401	Veg - Brøyteutstyr	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	90 250
052401	Veg - Brøyteutstyr			451 250
052404	Veg - Ny lastebil	02100	Kjøp av transportmidlar	3 065 872
052404	Veg - Ny lastebil	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	64 550
052404	Veg - Ny lastebil			3 130 422
052405	Veg - Oppgradering kommunale vegar	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	550 287
052405	Veg - Oppgradering kommunale vegar	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	137 572
052405	Veg - Oppgradering kommunale vegar			687 859
052514	Gangveg Storehøvegen	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	1 000 000
052514	Gangveg Storehøvegen	09400	Bruk av ubundne fond	-1 000 000
052514	Gangveg Storehøvegen			0
052520	Veg - Hjullastar Lundberg	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	1 992 350
052520	Veg - Hjullastar Lundberg	02100	Kjøp av transportmidlar	1 840 000
052520	Veg - Hjullastar Lundberg	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	498 088
052520	Veg - Hjullastar Lundberg			4 330 438
052530	Brann - Køyretøy brannvesen	02100	Kjøp av transportmidlar	3 000 000
052610	Skulestruktur - Trafikktrygging skuleveg	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	603 552
052610	Skulestruktur - Trafikktrygging skuleveg	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva-kompensasjon	150 888

052610	Skulestruktur - Trafikktrygging skuleveg			754 440
099999	Finansiering investering	07290	Kompensasjon for meirverdiavgift	-4 518 966
099999	Finansiering investering	09100	Bruk av lån	-34 717 051
099999	Finansiering investering			-39 236 017

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2025 slik den ligg føre.
2. Ulstein kommunestyre godkjenner rekneskapen for 2025 med eit positivt netto driftsresultat på 34 901 147 kroner.
3. Overføring av ubrukte investeringsmidlar frå 2025 til 2026 som vist i tabell under:

Hovudprosjekt	Hovudprosjekt (T)	Art	Art (T)	Sum rebudsjettering 2026
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	02000	Inventar, utstyr, maskiner (kjøp og finansiell leasing)	348 024
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	02720	Andre tenester	100 000
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	112 006
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune	07000	Refusjon frå staten	-50 000
011901	Sentraladm - Fellesprosjekt digitalisering Ulstein kommune			510 030
012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje	02300	Påkostning nybygg og nyanlegg	980 061
012100	Soknet - Oppgradering av Ulstein kyrkje	04290	Meirverdiavgift som gir rett til mva- kompensasjon	245 015
